

indremisjons Mentem

ORGAN FOR INDREMISJONSSAMSKIPNADEN

04 - 2024



Vi vil bygga varme inkluderande fellesskap,
vinna nye for Jesus, og gjera dei til hans disiplar.

ims

Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Layout: Jan-Ove Fagerheim
Trykk: Hagesund Bok og Offset A/S
Red.: Marit H. Ådnanes
Indremisjonssamskipnaden
Postboks 150, 5401 STORD
Tlf.: 53 41 07 04
Bankgiro: 8220.02.80454
Opningstider Indremisjonskontoret:
Måndag – torsdag: 09.00 – 15.00
Fredag: Stengt
www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
www.facebook.com/Indremisjons-
samskipnaden

IMS-styret

Bernt Arild Gjøvåg, leiar
Oddvar M. Torget
Petter Lid
Hilde Karin Vedøy Eiken
Eva Karin Schmidt
Henriette S. Bjørnevik
Tor Tveitane

Sven Tore Kulleseid, 1. vara
Marianne Heggholmen Aarbø, 2. vara
Jan Ole Høiby Hansen, 3. vara

Helgatun Fjellpensjonat A/S

5713 VOSSESTRAND
Telefon: 56 51 98 98
Bankgiro: 8220.02.80497
Dagleg leiar: Jorunn F. Johannessen
www.helgatun.no
helgatun@helgatun.no

Brandøy Misjons- og konferansesenter A/S

5584 BJOA
Telefon: 53 76 98 81
Bankgiro: 8220.02.80470
Dagleg leiar: Andreas C. Våge
www.brandoy.no
post@brandoy.no

Framnes KVGS

5600 NORHEIMSUND
Telefon: 56 55 05 00
Bankgiro: 8220.02.80292
Rektor: Harald Voster
www.framnes.vgs.no
postmottak@framnes.vgs.no

SunnBok

Postboks 23, 5401 Stord
Telefon: 53 41 20 01
Dagleg leiar: Silje Fyllingen
www.sunnbok.no
post@sunnbok.no

Framsida-foto:

Frå Haustmøte
på Stord siste
helga i oktober.

Du kan og gi di gåve med
v:pps
Vipps-nummer: 102696

Er du klar for andre omgang?

Marit H. Ådnanes
Dagleg leiar



Kanskje har du som les dette stått i kristen teneste i mange år. Takk for deg og for at du framleis står i det. Me treng å utrusta nye til teneste, men me treng også å heia på alle som trufast står på, og som har stått i teneste i mange år. Eit langt liv i teneste har oppturar og nedturar. Først og fremst håpar eg likevel at du kjenner glede ved å få tena.

«Du er vel med og spelar andre omgang» utfordra Inga-Birgith Sætre Knutsen i talen sin under ImF lederkonferanse. Gud gjer mykje spennande blant unge. Takk og lov! Men han er ikkje ferdige med oss andre. Dei unge treng våre vitnesbyrd, vår teneste, våre heiarop. Hausten er moden, alltid for nokon rundt oss. Han er ikkje ferdig med deg, du som er ni eller 60 år, minna Knutsen oss om.

Nett no les eg boka av John Mark Comer «Praktiser veien» - med undertittel «Vær sammen med Jesus, bli lik ham, gjør som Han gjorde». Eit av kapitla handlar om åndeleg forming; prosessen det er å bli forma til kjærleiksfylte personar i Kristus. Dette er ein langsam prosess. I boka viser han til ein eldre og vis mentor som sa følgjande: «det beste tiåret i livet ditt vil vera i syttiåra, det nest beste vil vera i åttiåra, og det tredje beste vil vera i sekstiåra». Med beste meinte han ikkje det mest lukkelege, men vårt rikaste, mest gledesfylte og nyttigaste for andre.

I sin tale viste Knutsen til profeten Elia. Me møter han i «første omgang» i 1. Kongebok kap. 17 og 18. Gud viser sin styrke gjennom Elia på Karmel-fjellet. Så kjem det ei «pause-tid» (kap. 19) der Elia er redd og motlaus, kjenner seg åleine og er sjølvmedliden. Dette trass i alt Elia hadde opplevd med Gud. Det kan også skje oss gjennom eit langt liv i teneste. Men Elia får kraft til å stå vidare til «andre omgang». Ved Guds berg Horeb møter Gud han i høleopninga i lyden av ei skir stille. Guds nærvær gir kraft. Så er han heller ikkje åleine, men heile sju tusen menneske stod med, som ikkje hadde bøygde kne for Baal. Og Elia får nye oppdrag.

Kanskje er du i andre omgang, eller til og med komen til første eller andre ekstraomgang? Gud er ikkje avhengig av styrken din og strategien din. Me har kontinuerleg tilgang på Guds nærvær og kraft, men me må stilla oss i «opninga» og gi Han rom. Kjære lesar; takk for di teneste. Kanskje ser tenesta annleis ut enn den gjorde tilbake i tid. Men i Guds rike blir me aldri pensjonistar. Gud har bruk for deg, og me skal få vera med å bringa framtid og håp til menneske rundt oss.

125 lag er innmeldt i IMS!


Gjennom fast gjevartene får IMS ei forutsigbar inntekt, og vi kan ha tilsette arbeidarar som reiser rundt og har andaktar, leiarsamlingar, konferansar, arrangerer leiar og andre typar arrangement.



Bli fast gjevar til
IMS sitt arbeid du og!

- * imf.no
- * Velg: gi gåve
- * Velg: støtt lokale IMF-prosjekt
- * Finn: Indremisjonssamskipnaden

Rekneskapet pr. 31. oktober
viser eit driftsunderskot på
kr 1 196 337,-. Året for var
det eit underskot på
kr 1 128 522,-.



Ynskjer du å bli fast gjevar?

Kontakt kontoret, tlf 53 41 07 04, eller du finn skjema på www.indremisjonen.no

Liv og lækjedom!

Andakt av
Hans Arne Børsheim



«Son min! Akta på orda mine, og bøy øyra til det eg seier! Lat dei ikkje vika frå augo dine, verna dei djupt i hjarta ditt! For dei er liv for kvar ein som finn dei, og lækjedom for heile lekamen hans.»

Desse visdomsorda finn me i Salomos Ordtøke kap. 4, 20-22. Det er ein far som talar. Det er far vår, Kristus. Han er sjølve visdomen som Ordtøka talar så mykje om. Me vert tydeleg gjort merk-same på at me må akta på orda hans. Det er ikkje ein trussel. Tvert om, det er knytt store løfter til denne oppmodinga. Ikkje berre skal me akta på orda. Me skal bøya øyra til det Herren seier. Det er ei aktiv handling. Me skal verkeleg gå inn i orda for å få fatt i kva som vert sagt til oss.

Me skal ikkje la orda vika frå augo våre, men verna dei djupt i hjarto våre. Dette er også aktive handlingar; å alltid ha augo feste på orda hans, på Jesu ord, ete dei som vår daglege mat, og verna dei i våre hjarte.

Jesu ord er sanning! Ikkje ver flau over Jesu ord! Ikkje ver redd for å hevde Jesu ord! Tal Jesu ord frimodig ut, for deg sjølv og for dei du møter på din veg. I ei tid då menneske leitar etter svar på sine mange spørsmål, i ei tid då samfunnet leitar etter svar på sine mange utfordringar, er Jesu sanne ord svaret. Me finn dei i vår bibel.

Jesu ord er LIV for kvar ein som finn dei, Jesu ord er LÆKJEDOM for heile lekamen. Ja Jesu verk på Golgata sette oss totalt frie, og føre oss over frå mørke til lys, frå døden til livet. Og med i dette verket er også våre sjukdomar. Ved hans sår har vi fått lækjedom!

Akta på Jesu ord, bøy øyra til Jesu ord, lat ikkje Jesu ord vika frå augo dine, verna Jesu ord djupt i hjarta ditt! Jesu ord gjev deg liv og lækjedom!

KRAFT-konferanse

Laurdag 8. februar 2025

LEIRVIK BEDEHUS

Meir info kjem på indremisjoen.no

ims

BØNE SPALTA

BE FOR:

- KRAFT- og Forsamlingskonferansen
- Damehelg og Brandøytref
- Godt julesal for SunnBok
- IMS-styret

TAKK FOR:

- Haustleirane
- Pit Stop og Haustmøte
- Lederkonferansen på Straume
- 11 flotte ConTeenNew-konfirmantar
- Lokale leiarar og tilsette i IMS
- Les gjerne Rom 12

Send gjerne bønneemne til kontoret, så ber vi på andakten i lunsjpausen vår. SMS 415 17 817 eller på [mail post@indremisjonen.no](mailto:mail.post@indremisjonen.no)

Vår Far i himmelen!
Lat namnet ditt helgast.
Lat riket ditt koma. Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.
Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar. Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde. For riket er ditt og makta og æra i all æve. - AMEN.

- Matteus 6, 9-13 -

FORSAMLINGSKONFERANSE

NORHEIMSUND BEDEHUS

15. MARS 2025

MEIR INFO KJEM PÅ INDREMISJONEN.NO

ims
Indremisjonssamskipnaden

Nytt bedehus i Ølensvåg

Dei siste åra har Ølensvåg bedehus hatt møter i gymsalen på skulen. Bedehuset var for lite og lite tenleg. 20. oktober klypte styreleiar Leif Thorsen snora som ei markering av at det nye bedehuset i Ølensvåg er opna.

Helga 18.-20. oktober var det opningshelg for Ølensvåg bedehus sitt nye hus på 600 m² like ved barneskulen i Ølensvåg. Fredag kveld vart det arrangert temasamling med Aslak Tveita kring tema «Levande fellesskap». Laurdag kveld var det dukka for konsert med gospelkoret Voice of Joy med eit innslag frå Leif Thorsen og Egil Brekke der dei fortalde om prosessen og bygginga av det nye bedehuset.

Søndag 20. oktober var det stormøte med offisiell opning av det nye huset. Hovudsalen til det nye forsamlingsbygget tek 200 personar, denne søndagen

måtte dei låne inn stolar og til slutt plassere dei utover i foajeen. Med over 250 menneske til stades fekk barnekora Vindafjord Soul Kids og Vindafjord Soul Children æra av å være første innslag inn i eit flott opningsmøte.

For nokre år sidan flytta Vågen bedehusforsamling møta sine til gymsalen på skulen. Bedehuset frå 1911 vart rett og slett for lite. På møta i gymsalen kunne det være opp mot 150 barn og vaksne på eit møte, i ei bygd med kring 450 fastbuande. Eirik Stensland i IMS beskriv det som heilt fantastisk når halve salen marsjerer ut i starten av møtet for at ungane skal på Awana. Dette syner igjen 20. oktober. I lovsangsteamet er det fleire frå grunnskulen som er aktive, to barn og ein ungdom les høgt frå Bibelen på scena og hovudtalaren er Håkon Brekkå på 26 år.

Så får me avslutta med Leif Thorsens egne ord frå opningsfesten:

- Me har hatt eit bedehus som har gjort jobben i 100 år, no bygger me for dei 100 neste.



Haustmøte med fokus på ærlege trushistoriar

Også dette året var Haustmøtehelga eit samarbeid mellom IMS, ImF Stord og Horneland Indremisjon. Talar var Jens-Petter Jørgensen. Han er kanskje mest kjend for å ha leia OASE i 20 år. Han har også reist som forkynnar og inspirator i heile landet i nærare 60 år, i tillegg til at han har vore bibelskule- lærar.

Me starta med «Endeleg fredag». Her fekk me lytta til undervisning, song og musikk og me nytte god mat og prat rundt borda. Over 120 personar strøymde inn dørene i Leirvik Bedehus til ein haustpynta møtesal. Hermod Kirkeli leia kvelden, og Kenneth Stenbråten og Jan Arild Rødder deltok med songar som sterkt underbygde kveldens tema: «Sterk nok til å vera svak». Jens-Petter fortalde korleis han kom til eit punkt der han bad Gud gje han ei tru som ber gjennom alt, også gjennom det som er vanskeleg. Han minna oss om kor viktig det er å invitera Gud inn i livet vårt slik det er. Me har mykje godt til gode hos Gud (kjærleik, tilgjeving, kraft, utrustning, helbreding...). Den største utfordringa i forsamlingane våre kan vera å skapa eit miljø der stadig fleire får meir mot til å snakka sant om livet. Nøklar for å opna for dette er å lytta til kvarandre og vera nådefulle mot kvarandre.

Også laurdagen var det godt over hundre frammøtte. Det var undervisning i to økter med graut imellom. Svein Notland m/team leia allsongen, og Jens-Petter underviste ut frå temaet «Når trua og livet set spor». Han poengterte kor viktig det er å få trusforteljingane tilbake i forsamlingane våre. Dette er vitnesbyrd om kva Gud har gjort og framleis gjer i våre liv, og handlar om både hendingar og personar som har hatt avgjerande betydning for trua me har i dag. Det handlar om

det og dei som har bekrefta vår verdi og om gode opplevingar, men trushistoria bør òg omhandla alminnelege dagar og eventuelle djupe kriser. På denne samlinga fekk me også rundt småborda prøva å dela kort ei viktig hending for trua og øva oss i å vera gode lyttarar før me bad for kvarandre.

Mariann Steinsland leia oss gjennom samlinga søndag. Denne inneheldt både lovsong, undervisning, barnesamling, bønestasjonar og enkel servering. «Relasjonen med Jesus -korleis leva og veksa i den» var temaet på denne samlinga. Jens-Petter tala ut frå Joh. 15, 1-5 om å vera i vintreet. Då ber me frukt. Utan Jesus kan me ingenting gjera. Difor må aldri aktivitetsnivået i våre forsamlingar gå på bekostning av vår personlege relasjon til Jesus. Det er den som er kjelda til all vekst, framgong, fornying, vekking og helbreding. Kristen tru er eit livssamfunn med den levande Jesus Kristus. Han skal veksa, me skal avta (Joh. 3, 30).

Så må det vera vår bøn at me først og fremst søker personleg relasjon til Jesus Kristus. Då kan han hjelpa oss til å vera ærlege og nådefulle trusformidlarar som snakkar sant om Jesus og om livet. Må Gud få virka i oss og gjennom oss så me får vera til velsigning for dei me har rundt oss og møter på! «Der Guds kraft får koma inn, skjer det alltid eit mirakel» (sitat Jens-Petter Jørgensen).

Björg Marit Notland



Kenneth Stenbråten (bak) og Jan Arild Rødder deltok med song fredagskvelden

Foto: Kjetil Fyllingen



Foto: Kjetil Fyllingen



Ærleg og engasjert tale av Jens-Petter Jørgensen

Foto: Kjetil Fyllingen



Rikholdig salatbuffet under «Endeleg fredag»



Mange tok turen til Leirvik bedehus under Haustmøtehelga 25.-27. oktober

Fleire kjem til tru

«At de må bli frelst» (Rom. 10, 1) var hovudtema for ImF Lederkonferanse 1.-3. november. Gjennom talar og seminar vart temaet belyst frå fleire innfallsvinklingar. ImF leder Runar Landro hadde også i forkant stilt følgjande spørsmål til forsamlingar, kretsar og skular:

1. Kor mange har gått frå bevisst ikkje-tru til bevisst Jesus-tru dei siste åra?
2. Kor mange har fått ei tydeleg fornying av trua på Jesus dei siste tre åra?

Landro understreka at dette ikkje var nokon vitenskapeleg undersøking, og fleire uttrykte audmjukskap i forhold til å oppgi tal. Like fullt viser undersøkinga ein tydeleg tendens; fleire kjem til tru. Ni forsamlingar, fem kretsar og tre skular hadde svara på

undersøkinga. Tilsaman har over 80 menneske tatt imot Jesus dei siste tre åra gjennom forsamlings- og kretsarbeid. I tillegg har minst 70 elevar gått frå bevisst ikkje kristen til klar kristen vedkjenning, og minst 130 unge ved skulane fått gått frå uavklart tru til bevisst tru.

Andreas Bjørntvedt har forska på kva som formar folk si tru. Av 585 spurte, svarar 58 prosent at endring til tru skjer gradvis. Sårarbeidet har skjedd på bedehuset, i ungdomsarbeidet, minnar Landro oss om og fortset: «Me har tru på vår tid – for evangeliet. Gud kallar ImF på nytt. Det er eg overbevist om.»



TRE FRÅ IMS PÅ IMF LEDERKONFERANSE

Kva tar du med deg frå konferansen?



Olaug Skjerve Gravdal, Voss

Nettverkssamlingane om "Godhet" var fine, og gav motivasjon til å arbeida med diakoniteneste. Godheit må ikkje berre bli ord, men handling.

I tillegg gav seminaret om songteneste og lovsong veldig viktige input for vidare engasjement.

Så blir eg oppmuntra av at me er så mange her. Eg kjenner meg heime i forkynning og fellesskapet generelt.



Bernt Arild Gjøvåg, Stord

Utrolig kjekt å høre at mange ungdommer blir tent i brann for Jesus.

Det inspirerer også at ImF jobber for å forkynne Guds Ord rent og klart. I en tid og kultur med mange forførelser er det viktig å være sannheten tro i kjærighet i møte med mennesker, så at de kan bli frelst!



Astrid-Helene Fagerheim Eknes, Utåker

Eg var på barne- og ungdomsleder nettverk. Og ein setning som blei sagt der som eg tar med meg er: «Kule aktivitetar hjelper ikkje den unge til å behalde trua. Men ein leiar som ser, bryr seg og har tid.» Det handlar om relasjonar.

Og det var sterkt å sjå så mange som ønsker å gi Jesus vidare, med tema for helga som fokus: «At de må bli frelst».

Mine sysken, eg ønskjer av hjartet og bed til Gud at dei må bli frelste.

Romane 10,1

Takk for ei rik helg!

13.-15. september var Helgatun fylt opp med mange flotte damer, dei fleste godt vaksne - men ikkje alle var pensjonistar! Fredag ettermiddag kom dei, og snart summa det livleg i resepsjonen og i peisestova. Kjekt å møta kvarandre igjen, og fint å bli kjent med nye! Om kvelden var det presentasjon av deltakarar, leiarar og dei som skulle tala, spela og syngja til oss. Basaren gjekk unna med liv og lyst, mange nyttige gevinstar, og ein fin sum til Helgatun!

«**di hand er mine tider**» var tema for bibelsamlinga neste dag. Lise Marie Thuestad Litlabø kan meir enn

å snakka til born. Ho greidde å nå inn til oss alle med budskapet om å vera trygge i Herrens hender. Camilla Hallaråker gledde oss med vakker song, til tonefølgje av Marit Lindekleiv på piano.

Veret letta, og snart var mange klare for tur - nokre til Tveitestølen, andre i området rundt Helgatun, til treskjerarverkstad, eller til peisestova med strikkesøyet! Festmiddag og innholdsrik samling vart høgdepunkt for dagen. Jorunn og Aksel Ingvard fortalde så ope og ærleg om deira veg til tru på Jesus - veldig sterkt å høyra! Ikkje

heilt lett å få sova sånn med ein gong etter ein lang dag med mange inntrykk... Men sundagen kom, med herleg frukost, bibelsamling, delstund, forbøn slik ein alltid sluttar damehelga.

Me er alle djupt takksame for desse gode dagane på Helgatun! All ære til Jorunn, Anne Marie, Sylvi og Birgit for arbeidet som ligg bak. Men mest takk går til Gud, som let oss få oppleva ei slik rik helg!

Hildur Karin Øvsthus



Nytt leiarteam til Helgatun

Frå 1. januar blir Hilde Hellesøy Sæle ny dagleg leiar på Helgatun. Ho inngår i leiarteam saman med mannen Arild, som vil ha ei redusert stilling. Dei er begge frå Øygarden, og bur no på Landro på Sotra. Dei har tre døtre, der dei to eldste har gått på Framnes KVGS, og den yngste starta på Lundeneset VGS i haust. Dei har dermed gått over i ny livsfase, som gjer det mogleg å arbeida i ei «turnusordning» på Helgatun.

Glede og spenning

Både Hilde og Arild har studier ved NTNU, ho innan industriell økonomi og teknologiledelse medan Arild studerte IT. Dei siste åra har begge vore gründerar i teknologibedrifta dei har bygd opp. Å driva fjellpensjonat er nytt for dei begge. – Me gler oss og er veldig spente, seier dei. Me forventar at det er mykje å læra, og at det kan bli utfordrande tider. Det er jo den travlaste tida me går inn i, men me er klare og motiverte for å stå på saman med dei ansatte og frivillige for at alle som kjem innom skal få ei god oppleving.

Då jentene våre var små, var dei på Helgatun saman med storfamilien både i vinter- og påskeferiar. Me har mange gode minne frå dette, seier dei. Arild har vore med i Helgatunstyret sidan 2019. Tanken om at dette kunne vera aktuelle stillingar for oss, kom ganske samtidig, fortel Hilde. Det er noko me aldri har tenkt på før, så dette var litt underleg og spennande.

På kort sikt vil fokuset vera å gjennomføra alle-reie planlagte arrangement så godt me kan. Me er glade for at kokken Roman Jacuk og kona Joanna fortset i sine stillingar, i tillegg til søstrene Veronika og Kamila Jurova, som er reinhaldarar. Men det er behov for ein kokk til i redusert stilling, så her er me glade for tips, seier dei. Og ynskjer du som frivillig å bidra, meld di interesse. Så vil det bli opplæring og overlapp med Jorunn og Aksel Ingvard Johannessen no i starten.

Me er veldig glade i Helgatun, og ser fram til å koma i gong med drifta. Gjestfridom er ein verdi me set høgt, og me har hatt ein draum om å driva turisme. Me håpar å sjå så mange som mogleg innom, både gamle og nye Helgatun-vener. Så er me takk-nemlege for forbøn for arbeidet på Helgatun, seier dei.

*Hilde og Arild Hellesøy Sæle
vert nytt leiarteam på Helgatun.*



Du finn eit lengre intervju med vårt nye leiarteam på www.indremisjonen.no.



Barne- og ungdomssidene



Eirik Stensland - Lise Marie Th

Leirar framover

Brandøy: Helgatun:

Juniorhelg

4-9 år med fylgje
7.-9. mars
Pris: 900,- for barn
og 1700,- for vaksen

Skileir

8. klasse+
31. jan - 2. febr
Pris: 1200,-

Tweensweekend

5.-7. klasse
14.-16. mars
Pris: 900,-

Påskefestival

8. klasse+
11.-15. april
Pris: 1590,-



Indremisjonssamskipnaden

Med Guds ord til folket

Meir info finn du på nettsida vår under fana "Arrangement" og deretter "Leirar". Her kan du melde deg på leir og lese meir om kva ein leir inneheld.

www.indremisjonen.no
post@indremisjonen.no
tlf 53 41 07 04

www.indremisjonen.no

«Stikk innom» i gong igjen

Jondal har i fleire tiår hatt ein ungdomsklubb som heiter «Stikk innom». Eit lågterskeltilbod til alle ungdommar i bygda. Etter korona har denne klubben slitt med å få nok leiarar. Lise Marie Thuestad Litlabø og Linda Aase frå IMS var med på møte for å finne ut av om me kunne hjelpe på noko vis. Me i IMS ynskjer å hjelpe lag som slit. Det er ikkje alltid me klarar å strekke til geografisk eller tidsmessig, men me gjer det me kan. Dette resulterte i at Linda har vore med nokre gonger i haust slik at leiarkabalen går opp.

«Stikk innom» er ein klubb som handlar om å ha dørene opne for ungdommane. Det er mogeleg å kjøpe mat og drikke i kiosken, spele ulike spel og ha fellesskap saman. Sist gong Linda var i Jondal var det samla 19 ungdommar. Andre gongar har det vore 25 unge samla. Det er viktig at me saman kan gjere ein innsats for at ungdommane våre har ein trygg plass å kome til; ein plass dei får høyre om Jesus og å ha fellesskap saman med kvarandre.

Me er veldig takknemlege for alle frivillige i vår krets som står på for å lage ulike fellesskap til barn og unge. Dette er ein utruleg viktig jobb. Me veit at fleire lag dessverre aldri kom i gong igjen etter korona. Enten på grunn av mangel på leiarar, eller deltakarar. Dette er veldig trist. Kristne fellesskap er så viktig. Om du og ditt lag treng hjelp med å få fleire leiarar så gi beskjed. Me vil hjelpe så godt me kan. Kanskje du som les dette kan vera med å bidra inn i ditt lokale barne- og ungdomslag, eller kanskje i nabobygda? Saman kan me gjere stor forskjell. Ingenting er betre enn å vere eit lys for Jesus.



UNGS QR-hjørne

Viggo Klausen



Viggo er eit kjent navn for mange av oss. Han har vore med på IMS Sommarfest to gonger og han har også laga ein adventsserie på YouTube som passar for heile familien. Sjekk den gjerne ut i adventstida. Vi i Ung-avdelinga ynskjer deg ei velsigna førjulstid.



Litlabø - Linda Aase

Mitt bibelvers!

«Alt har eg lov til, men ikkje alt tener til det gode. Alt har eg lov til, men eg skal ikkje la noko få makt over meg.»

1. Kor 6,12

Elice Grigoryan, 14 år



Pit Stop Leirvik 2024

Pit Stop Leirvik er ei møtehelg for ungdom som vert arrangert kvart år i siste del av haustferien, på Leirvik bedehus. Vi merkar at det gjer noko med oss når vi får vera samla over fleire dagar for å høyra frå Bibelen og vera saman i godt lag. Tema i år var «Grensesprengande liv» som vi gjennom 5 møter fekk høyra meir om. Benjamin Espevik, Johannes Olsen, Lars Magne og Ingebjørg Ådnanes delte på kvar sine vis om å fylgja Jesus og tru på Han.

I år fekk vi også besøk av Marcus Vindenes frå HeltFri.net som hadde seminar kring tema sex, samliv og kjønn. Så er vi så heldige at vi nå kan kalla det tradisjon at Laget er med oss på Pit Stop. Dei hadde eit seminar om Laget og så leia dei oss gjennom «Grill ein kristen». Mange av ungdommane på Pit Stop var aktive i eigne skulelag og nokre var i gang med å starta opp på sin skule.

Pit Stop er utruleg kjekt, men det kjekkaste er at vi ser at ungdommar vert berørt av det dei høyrer. Mange går til forbønn og mange tar nye steg i tru. Vil du sjå meir frå årets Pit Stop og halda deg oppdatert på dei kommande? Følg oss gjerne på facebook og instagram, berre søk på Pit Stop Leirvik så finn du oss der.



Lars Magne Ådnanes midt i andre bibeltime.



Laget (NKSS) vart med for tredje året på rad. Her frå seminar der dei delte litt om kva Laget er og kva dei gjer på.



Vi var så heldige å få eit lovsongsteam frå Kongshaug med oss på heile Pit Stop. Leia av vår eigen Jonas Eide frå pianokrakken.

www.facebook.com/PitStopLeirvik

Store steg i tru

- Om livet på Framnes

Det er spennande å koma på besøk til Framnes. Det er mykje på programmet utanfor skuletida. Dei driv med ulike aktivitetar, turneringar, spel og ikkje minst åndelege fellesskap. Kvar morgon kl. 07.35 er det bønne møte før skulestart. Her var det samla rundt 40 ungdommar då Marit H. Ådnanes og Linda Aase var på besøk i oktober. Dei fekk også ta del i onsdagsmøte og det var lang kø til forbønn etter møtet. Det skjer noko på Framnes. Ungdommane tar store steg i tru. For nokre av elevane starta dette med «Krigarane/Søstrene». Dette er eit fellesskap som handlar om å dele liv, bekjenne synd og gå saman i tru.

«Søstrene for meg har betydd mykje! Eg har fått relasjonar på tvers av trinn eg ikkje elles hadde fått. Gruppa mi krigar i lag med meg når ting er tungt. Me ber for kvarandre og støttar kvarandre. Eg som «storesøster» på gruppa mi har fått lov til å vokse og bli utfordra i leiarrolla. Søstrene hjelper jenter til å bli meir trygg og sjølvsikker.» - Lea Synneva Andersland (3. klassing)

Jesus lærte oss at det er viktig med eit godt fellesskap. Det er viktig at vi ser kvarandre, at vi deler sorger og gleder med kvarandre. Det er inspirerande å sjå og høyre om det som skjer på Framnes. Fleire kjem til tru og fleire tar store steg i trua.



«Kva kjærleik er, har vi lært av at Jesus gav livet for oss. Så er det vår skyldnad å gje livet for brørne. Men den som har meir enn nok å leva av, og likevel lèt att hjarta sitt når han ser bror sin lida naud, korleis kan han ha Guds kjærleik i seg? Mine born, lat oss elska, ikkje med tomme ord, men i gjerning og sanning!»

1. Joh 3, 16-18

Noko rører seg i ungdomsmiljøa våre

Du har kanskje lese artiklar dei siste åra om ungdommar som kjem til tru eller som gjennomgår merkbare nye steg i tru. ImF si utgjeving Sambåndet har skreve om det, dei kristne dagsavisene har skreve om det og fleire kretsblad og liknande utgjevingar frå fleire kristne organisasjonar har skreve om det. Me les om hundretals unge som tek imot Jesus, ikkje berre på eit lite geografisk område, men over heile landet. Unge menneske er ikkje berre interessert i kristen forkynning, dei responderer på det og gir livet sitt til Jesus.

Då eg, Eirik Stensland, vitja Framnes fyrste gong etter eg byrja i IMS i 2019 vart eg imponert over ein solid gjeng på rundt 20 elevar som samla seg til bønn før skulen starta. Dette seier noko om prioriteringar og kva som bur i hjarta deira. Også i 2019 var det god oppslutning på møta med nesten hundre den gong eg var der. Sist eg var der i 2023 var dei nesten dobbelt så mange som møtte opp på to samlingar over to dagar med rein bibelundervisning. Det er heilt tydeleg for meg at elevane var svoltne på meir, dei var det sjølvstg også nokre av i 2019, men langt fleire i 2023. Til Sambåndet på nett 23.10.2023 seier rektor Harald Vos-

ter noko om ei tredobling av elevar på møta dei siste 5-6 åra. Vidare seier han klokt at han trur det er ein kombinasjon av det arbeidet dei gjer på Framnes og ei generell trend blant unge.

Det er nemleg ikkje berre på Framnes det skjer noko. På tenleirane våre på Brandøy og Helgaton møter me ungdom som vil ha meir av Gud og som gjev livet sitt til Jesus. På Pit Stop Leirvik har me hatt så lange køar inn til forbønnsrommet at me har måtta skrapa saman dei vaksne som finst i salen som me tenkjer er utrusta til å be med andre. På Pit Stop no i 2024 sat ungdommar igjen i salen etter møta for å be saman og dei fekk sterke bønnesvar. I konfirmantarbeidet vårt ConTeenNew ser

me også fleire ungdommar som dei siste åra både har tatt imot Jesus og mange som tydeleg har modnast i tru. Nokre av dei fruktene me kjenner at me får hausta på kretsplan startar lokalt der ein også, fleire stader, merkar at noko skjer.

Kva dette er starten på er vanskeleg å seia, men det er godt mogleg at dette er starten på ein ungdomsvekelse. I vår krins, og nasjonalt. For meg som lokal leiar på UFO på Langevåg så har eg byrja å lufta tankane med dei andre vaksne på bedehuset: Kva gjer me når dette bryt ut? Sjølv har eg fått ei overraskande ro over at Gud vil møta våre behov og utrusta oss til dette, så lenge me er villige til å gå.



ConTeenNew – konfirmantar i IMS

Dette skuleårets konfirmantar i IMS tel 11 personer. Det er eit nydeleg knippe ungdommar frå Stord og Fitjar. Kvart kull er ulike og dei endrar seg også undervegs i konfirmantåret, men noko som allereie peikar seg litt ut i denne gjengen er at fleire av dei er veldig bevisste og tydelege kristne. Når dei allereie no i starten har ei slik innstilling så vil dei få mykje ut av konfirmantåret i ConTeenNew.

Vær gjerne med å be for konfirmantane våre: Amalie Taranger Litlabø, Andreas Matre, Daniel Grimsbø, Eira Olava Myhre Hope, Elice Grigoryan, Ina Louise Ørpetveit Hatlevik, Ingrid Refstie Hageberg, Ole-Jakob Wiik, Rakel Karoline Fosse, Ruben Brosvik og Viljan Siphelo Solbakken.

Og hugs gjerne på oss som er leiarar også: Bernt Arild og Solveig Gjøvåg, Hilde Kristin Teigland, Karl Petter Økland, Kjerstin Handeland Stokken og Eirik Stensland.



Glimt og gløtt frå arbeidet...



Tusen takk til alle som steller i stand lokale basasar til inntekt for IMS. Her frå Bømlø 14. september.



I samtale og arbeid under Styresamlinga i Hardanger i september.



ConTeenNew-konfirmantar frå ImF Stord vert presenterte under møte i september.




Frå styresamling for Sunnhordland i september. Nyttig prat om lokalt arbeid rundt borda.



Felles styremøte mellom Brandøy og IMS tidlegare i haust.



Ein fryd å vera på basar, Skånevik 19. oktober, når evangeliet blir delt med slik smittande glede (deltakar).



Silje Fyllingen på SunnBok har butikken full av spennande og meningsfulle gåver.



Lovsong under møte Salem, Moster 20. oktober.



Flott gåve til Halsnøy Indremisjon frå SpareBank 1-stiftinga Kvinnherad

Mi trushistorie

Av Reidun Teistedal Dyrøy

Ville helst vera ein visargut for Jesus

Det luktar av pommefrites, hamburgerar og nysteikt pizza då eg kjem inn døra på «Videoen» på Fitjar. Der står Håkon C. Hartvedt og småpratar medan han bestiller noko å drikke. - Skal du ha ein kaffi?, ropar han til meg, og så betalar han før han får svar. Ved eit bord heilt inst i kaféen ein grå novemberdag, får eg historia til denne aktive pensjonisten som seier han helst berre vil vera ein visargut for Jesus.

- Eg jobba faktisk ein sommar som visargut då eg var ungdom, fortel Håkon. Jobben min var å vera tilgjengeleg når sjefen trengte å få levert eller henta ein pakke. Eg hadde ikkje ansvar for noko anna. Slik har eg det med Jesus no. Å vera visargut for Han, er den beste plassen å vera. Det er eit herleg liv, for det handlar om Jesus og ikkje om meg. Eg treng ikkje styra eller få til, men kan gå i hans ferdiglagde gjerningar.

Opplevde «å bli heil»


Håkon vaks opp i ein kristen familie som høyrde til i Tabernaklet i Bergen. – Eg tvilte aldri på at Gud var til, men som ung kom eg med i ein heilt feil gjeng. Eg hadde ein fot i begge leirar. Eg gjorde mange ting som eg visste var galt. Ei natt kom eg til eit vendepunkt. Halsen tetna ut, og det kjendest svært dramatisk ut for meg. - Dersom eg døyr no, trur eg ikkje eg kjem til himmelen, hugsar eg at eg tenkte. Eg gjekk rett inn på soverommet til foreldra mine. - De må be for meg så eg kan bli frelst, sa eg. Etter det opplevde eg at eg blei heil.

Ungdomsklubb og Jesusvekking

Etter kvart brøyt eg med gjengen og blei med i ungdomsklubb i kyrkja. Der var eg med på bibeltimar og masse kjekt. Dette var på 60-talet, og så kom Jesusvekkinga til Bergen. Korskirken var fullsett med ungdommar både i benkane og i midtgangen. Denne gløden i ungdomsmiljøet heldt fram då eg byrja å studera på lærarskulen på Stord i 1970. Me var rundt 400 elevar på skulen, og i skulelaget var det over 100 medlemmar! Me var veldig aktive med evangelisering.

Til Fitjar

Vegen gjekk til Fitjar, der det blei jobb både i musikkskulen, som kateket og i skulen. - Me fekk fire born, kona mi Torill og eg. Ho fekk jobb som styrar i barnehage på Stord, men då nummer fire kom, blei me einige om at det kunne vera godt at ho var heime. Då var det fint å spe på med litt skriving og andre oppdrag.



Skrivent og songevangelist

Eg kjenner eg blir litt lattermild når eg får høyre kva Håkon meiner med "litt", for i mine øyre høyrst dette meir ut som "ein god del". - Avisa Dagen var ein av dei første eg fekk oppdrag for, og framleis skriv eg andaktar der. Om somrane var eg mykje rundt og dekkja sommarstevne.

- Det blir for mykje dette, sukker Håkon, men eg får no ut av han at han og har jobba som frilansjournalist for Bladet Sunnhordland, drive kristen bokhandel på Fitjar, skrive ein del bøker, laga radio- og TV-program og vore redaktør - sist i Fitjarposten.

I mange år har me møtt han på be-dehus og forsamlingshus som talar og songar. Høyrer du på P7, får du musikk frå «Håkons platebunke» kvar tysdag kl. 10.00.

Livet snudde

Sjølv om Håkon framleis er aktiv, gjorde ei hending i slutten av 2015 at han måtte få eit anna fokus. - Kona mi fekk slag, og ho har framleis store helsemessige utfordringar. Dagen dette skjedde blei livet snudd opp – ned. Frå då av blei ho mi aller viktigaste oppgåve. Den første dagen hugsar eg som kaotisk, men den andre dagen fekk eg ei spesiell oppleving. Det var som om Gud tok meg på begge skuldrene, såg på meg og sa: - Håkon, dette kjem til å gå bra. Dette skal eg ta meg av! No har det gått snart ni år og framleis er det slik at Gud gir meg styrke for kvar dag. Både Torill og eg har fått erfarar det som står i 5. Mosebok 33, 25: *Som dine dagar er, skal din styrke vera.*

Dagleg audiens hos Kongenes konge

Eit halvt år før Torill fekk slag, hadde Gud starta ein prosess hos Håkon. - Eg las heftet «Timen» av Arild Edvardsen. Der skreiv han om Jesus som sa til læresveinane sine: Klarte de ikkje eingong å vaka ein time? Frå då av sette eg av tid til vera aleine i lag med Jesus ein time kvar morgon. Det er nok tid til at skuldrene får senka seg. Eg syng kanskje litt, ligg litt på kne, og så set eg meg i sofaen. Det handlar om at Jesus får fullt herredømme i alle mine rom. Jesus spør: Elskar du meg, og får min vilje råda i ditt liv?

Tenk det! Eg får ha audiens hos Kongenes Konge og sitja på hans fang lenge kvar morgon. Eg trur at *«lønnskammeret er ein kristen sitt mest unytta privilegium»*.

Lang åleinetid med Jesus kvar dag vil eg difor anbefala til alle. På den måten, og det tidspunkt, som passar din kvardag. Men det må ei prioritering til. Det er kanskje noko anna du må seia nei til. Men set du av god tid, og gjennomfører det, vil du etter kvart oppdaga at det som du kanskje trur er ei plikt, tvert imot er ei kjelde til kvile der Jesus tek *«stadig større skapnad i deg»* (jfr. Gal. 4, 19).

Og at Jesus lengtar etter ei slik tid med deg, treng du ikkje vera i tvil om.

Helsing frå



FRAMNES KVGS

www.framnes.vgs.no



På Framnes er det full fart. Travle dagar med arbeid, førebuing, lekser, skule, leik og moro, bibelgrupper og møteverksemd. Slik er det på ein internatskule. Og tida fyk.

Me har veldig kjekke elevvar. Dei finn så godt ut av det, både med skulen og kvarandre. Det er svært få som har slutta i haust, og internata er fulle. I tillegg er det mange elevvar som ikkje bur ved internatet, som likevel har mykje av fritida si ved skulen. Det tykkjer me er veldig kjekt! På ei anna side er elevane våre også deltakande i lokalmiljøet; på ungdomskoret, ungdomsklubben Origo, fotball og volleyball eller medverkande på søndagsmøtet på bedehuset.

I år har me eit nytt tilbod om toppidrett, nemleg footvolley. Så langt eg veit er me den første vidaregåande skulen som tilbyr dette, og elevane våre gjer det godt i turneringane som dei deltek på. Det same skjer innan andre idrettar der elevane engasjerer seg som Frisbee Ultimate, telemarkskøyring og volleyball.

Dei to siste skuleåra har me hatt nye rekordar når det gjeld elevtalet. I vår var det 266 elevvar ved skulen, og i haust var me over 270. Slik var det også hausten 2023. Som de kanskje har fått med dykk i Sambåndet og Dagen, så ønskjer me blant anna av den grunnen å auke elevtalet ved skulen. I dag er grensa 270.

Den største synlege endringa ved skulen er ombygginga av den gamle gymsalen. Den vart påbegynt tidleg i sommar. Me ønskjer å opne det ved avslutninga til jul, og me tek bygget i bruk for fullt etter årsskiftet. Sjølv om det har vore fleire overraskingar under vegs har Odd Inge Austevoll klart å handtere alt på ein førebileleg måte. Me får eit fint og tenleg bygg!

Me har gjort fleire store investeringar dei seinare åra. Det er ikkje snakk om å flotte seg, men å gjere nødvendige tilpassingar for at me skal kunne klare å gi eit godt tilbod til elevane våre. Heldigvis har me eit eigeidomsselskap innan IMS i ryggen som støttar oss i arbeidet og tilfører mykje pengar til drifta. Utan det hadde me ikkje klart oss.

Me er svært takksame for større og mindre gåver som vert gjevne til skulen. I haust fekk me ei stor gåve på kr. 500 000,- frå eit ektepar. Den gåva vil me mellom anna bruke til oppussing av auditoriet som er tilslutta nybygget. Takk til alle som står med oss i bøn og omtanke, og mest takk til Gud som har gitt oss grunn til å arbeide ved skulen.

Men då tida var fullkomen, sende Gud sin eigen Son, fødd av ei kvinne, fødd under lova. Han skulle kjøpa fri dei som var under lova, så vi kunne få retten til å vera Guds born (Gal. 4, 4-5)

Denne retten er grunnen til at skulen i si tid vart grunnlagt, og det er denne retten me ennå ønskjer å formidle – både til dei som kjenner evangeliet, og dei som ikkje kjenner det.

Harald Voster



Glimt frå kvardags-livet til elevane på Framnes.
Foto: Daniel Gammelsæter, Håkon Bjelland og Magnus Hisdal.

Reiseruta desember, januar, februar og mars

Veke 49	3. des Lise Marie Th. Littlabø , Valen Ti-To og Hobbyklubb Marit Hårklau Ådnanes , IMS styremøte 4. des Marit Hårklau Ådnanes , Vikebygd Kenneth Foss , Søre Neset 5. des Marit Andresen Røen , Husnes Kåre Johan Hamre , Jondal 6. des Eirik Stensland , Ten Treff Fitjar 8. des Eirik Stensland , ImF Fitjar Marit Hårklau Ådnanes , Norheimsund Lise Marie Th. Littlabø , Laurhammer
Veke 50-52	9. des Lise Marie Th. Littlabø , Leirvik jr. Ving 22. des Marit Andresen Røen , Horneland 28. des Lise Marie Th. Littlabø , Halsnøy. 29. des Eirik Stensland , Auklandshamn
Veke 1	2-5. jan Marit Stokken og Jarle Berland , Horneland
Veke 2	8. jan Eirik Stensland , ConTeenNew 9. jan Marit Hårklau Ådnanes , Styresamling Sunnhordland 10.-12. jan Eirik Stensland , ConTeenNew-tur 12. jan Olav Eikemo , Halsnøy Kåre Johan Hamre , Os
Veke 3	16. jan Marit Hårklau Ådnanes Styresamling Hardanger 16.-17. jan Kåre Johan Hamre , Osterneset 19. jan Olav Eikemo , Norheimsund Marit Hårklau Ådnanes , Husnes Kåre Johan Hamre , Samnanger
Veke 4	23. jan Tilsette- og styresamling IMS 26. jan Olav Eikemo , Øvrebygda Eirik Stensland , Moster
Veke 5	30. jan Marit Hårklau Ådnanes , Huglo 30. jan-2. feb Kåre Johan Hamre , Odda Eirik Stensland , Skiweekend Helgaton 2. feb Marit Hårklau Ådnanes , Øvrebygda Ola Malvin Lomheim , Moster
Veke 6	5. feb Eirik Stensland , ConTeenNew 6. feb Olav Eikemo , Husnes 6.-9. feb Kåre Johan Hamre , Tørvikbygd 8. feb IMS-tilsette , KRAFT-konferanse Leirvik 9. feb Annbjørg N Våge , Husnes Linda Aase , Samnanger Olav og Jorunn Eikemo , Os Marit Hårklau Ådnanes , Håvik Olav Eikemo , Sagvåg

Veke 7	11. feb Runar Landro , Voss 13. feb Olav Eikemo , Frette 14. feb Linda Aase , Horneland Marit Andresen Røen , Gilje Olav Eikemo , Ebne 14.-16. feb Lise Marie Th. Littlabø , Damehelg Brandøy 15. feb Olav Eikemo , Molnes 16. feb Olav Eikemo , Skånevik
---------------	--

Veke 8	19.-20. feb Roald Evensen , Sveio 21.-23. feb Kåre Johan Hamre , Brandøytreff 23. feb Håkon C Hartvedt , Gilje Roald Evensen , Halsnøy Olav Eikemo , Uskedalen Linda Aase , Moster Arne Lindekleiv , Fitjar
---------------	---

Veke 9	24. feb-2. mars Eirik Stensland , ConTeenNew Misjonstur 27. feb Lise Marie Th. Littlabø , Huglo 2. mars Olav Eikemo , Gilje Marit Hårklau Ådnanes , Laurhammer Ingebrigt S Sørfonn , Horneland
---------------	--

Veke 10	5. mars Eirik Stensland , ConTeenNew 6. mars Kåre Johan Hamre , Øvrebygda 7.-8. mars Kåre Johan Hamre , Tysnes 7.-9. mars Lise Marie Th. Littlabø , Juniorhelg Brandøy 9. mars Kåre Johan Hamre , Søfteland Håkon C Hartvedt , Sagvåg
----------------	---

Veke 11	14.-16. mars Linda Aase , Tweensweekend Brandøy 15. mars Marit Andresen Røen , Osterneset Forsamlingskonferanse Norheimsund 16. mars Eirik Stensland , Skånevik Marit Hårklau Ådnanes , Norheimsund Lise Marie Th. Littlabø , Laurhammer
----------------	--

Veke 12	19. mars Marit Hårklau Ådnanes , Tysnes 22. mars Marit Andresen Røen , Ølensvåg 22.-23. mars Kåre Johan Hamre , Varaldsøy 23. mars Ola Malvin Lomheim , Fitjar Kenneth Foss , Søfteland Eirik Stensland , Ølensvåg
----------------	---

Veke 13	26.-30. mars Bildøyelevar i kretsen 27. mars Kåre Johan Hamre , Huglo 29. mars Marit Andresen Røen , Laurhammer 30. mars Marit Hårklau Ådnanes , Fitjar Lise Marie Th. Littlabø , Åkra
----------------	---

Reiseruta var framleis under utarbeiding då IndremisjonsVenen gjekk i trykken.

Med ynskje om ei velsigna god julehøgtid!

B



NORGE P.P. PORTO BETALT

PÅ TAVLA

Velkommen til Damehelg på Brandøy
14.-16. februar 2025



Tema: UTVALD

Brandøytreff
-leir tilrettelagt for vaksne med utviklingshemming-
21.-23. februar 2025

- ▶ BIBELFORTELJING
- ▶ PRAT
- ▶ SPEL
- ▶ TUR
- ▶ GOD MAT
- ▶ HOBBYAKTIVITET
- ▶ TRIM I GYMSALEN
- ▶ LEIRFEST



Påmelding: indremisjonen.no

LEIRAR FOR FAMILIE OG BARN/VAKSEN

JUNIORHELG PÅ BRANDØY
4-9 ÅR MED FØLGJE
7.-9. MARS 2025





FAMILIELEIR PÅ BRANDØY
2.-6. JULI 2025



PÅMELDING: INDREMISJONEN.NO

Velkommen til
Vårtreff på Brandøy
-for oss over 60-
28. april-1. mai 2025

Velkommen til fine vårdagar på Brandøy!
Naturen her er ei perle av Guds store skaparverk med fjord, fjell og skogkleddde lier. Her finn du ro og kvile for kropp og sjel. Det blir samlingar om Guds ord, forbøn og vitnemål.



Påmelding: indremisjonen.no eller ring kontoret tlf. 53 41 07 04

SKILEIR 2025
31. JANUAR-2. FEBRUAR PÅ HELGATUN I MYRKDALEN
UNGDOMSLEIR FOR 8. KLASSE OG OPPOVER




SJÅ INDREMISJONEN.NO, ELLER SKANN QR-KODEN, FOR MEIR INFO 

VELKOMMEN TIL VINTERFERIEOPPHALD PÅ HELGATUN
21. febr. til 2. mars

Ynskjer du ei eller fleire overnattingar, ta kontakt på tlf. 56 51 98 98 eller send ein mail til helgatun@helgatun.no



Velkommen til påske på
HELGATUN

FAMILIELEIR
(Kombileir)
11.-15. april 2025

PÅSKEOPPHALD
16.-21. april 2025

Påmelding: Helgatun tlf. 56 51 98 98
helgatun@helgatun.no



TALARAR!

ims SOMMAR FEST

AUD KARIN KJØLVIK RINGVOLL
Forsamlingsarbeidar i Flekkerøy Bedehusforsamling

VIGGO KLAUSEN
Trusformidlar, songforfattar og muskar

BRANDØY
20.-22. JUNI 2025
WWW.IMS-SOMMARFEST.NO

